

Referat. Styremøte i Vestnes sogelag. Januar 2023.

Tid: 09.01.23, kl. 19

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Liv Signy G. Hellen, Morten Øveraas, Tordis Sivertsen, Tore Tomren.
Samt følgande inviterte frå valnemnda: Odd Jarle Talberg, Torhill Sellereite. Og frå skriftstyret: Petter Inge Bergheim, Per Bjørn Ellingseter, Einar Baltzersen.

Ei sak denne gongen: *Endringar i samansetninga av skriftstyret i Vestnes sogelag komande periode.* I og med at heile skriftstyret går av på årsmøtet i mars er både valkomiteen og det noverande skriftstyret invitert for å drøfte vegen vidare.

Nokre viktige moment som kom fram i møtet:

- Det kan vere aktuelt å vurdere eit utvida sogelagsstyre - som ei alternativ løysing til dagens struktur med eige skriftstyre
- Per Bjørn delte ut og presenterte eit utkast til eit årshjul for arbeidet med årsskriftet.
- For å lette overgangen til eit nytt skriftstyre vil Per Bjørn også ta ansvar for pakking og distribusjon denne hausten, samt gje råd og rettleiing på dei første møta
- Morten lagar ei sak for lokalavis og FB-side der interesserte blir oppmoda om å skrive og sende inn bidrag til komande årsskrift
- Martinus Løvik har skrive ei rekkje tekster som kan foredlast til skriftstykket i sogelagsboka. Vel å merke er nokre av desse berre på idé-stadiet
- Kan hende er det nødvendig med ei vedtektsendring på årsmøtet om variabel lengde på valperiode for kvart enkelt skriftstyremedlem (dvs. å få ein periode på vekselvis eit og to år). Ein lyt unngå at alle gjeng av på same tid
- Elles: «Brainstorming» angående forslag til kandidatar til det nye skriftstyret

Neste styremøte er sett til 6. februar.

Vestnes, 10/1-23

Referent: Tore Tomren